



NORDHORDLAND SMYKKEDESIGN AS  
Postboks 3  
5907 Alversund

Sakshandsamar::  
Toril Marie Mulen

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Nordhordland Smykkedesign AS

#### Kontrollnummer: 2019.128.I.FMVL

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Hege Jeanette Olsvik

*Frå Fylkesmannen i Vestland:*  
Toril Marie Mulen og Hallvard Hageberg

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Nordhordland Smykkedesign AS den 03.06.2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkja to avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

#### Avvik:

- Verksemda sin internkontroll har manglar
- Verksemda si handtering av farleg avfall har manglar

Avvika er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

#### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Toril Marie Mulen  
seniorrådgjevar

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Kopi: Lindås kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> NORDHORDLAND SMYKKEDESIGN AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 975796884	<b>Eigd av:</b> 976253590
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 32.120 - Produksjon av gull- og sølvvarer og lignende artikler	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Nordhordland Smykkedesign	<b>Anleggsnr.:</b> 1263.0147.01
<b>Kommune:</b> Lindås	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling	
<b>Løyve gitt:</b>	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av ein nasjonal kontrollaksjon i verksemdar som driv med kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling.

Tilsynet ble gjennomført i medhold av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Grunnforureining
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikaliar
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Nordhordland Smykkedesign AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Nordhordland Smykkedesign AS innan 27. september 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Toril Marie Mullen.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 3. juni 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Nordhordland Smykkedesign AS betale eit gebyr på kr 13 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 4 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

### **6. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

#### **Avvik 1**

Verksemda sin internkontroll har manglar

#### **Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 5, 6 og 7

**Kommentarar til regelverket:***Risikovurdering for ytre miljø*

Verksemda skal kartlegge farer og problemer for utslepp til ytre miljø og på bakgrunn av dette vurdere risiko. I tillegg skal det utarbeidast tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoen. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft.

*Rutinar for ytre miljø*

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga. Rutinane skal vere skriftlege.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Verksemda kan ikkje vise til ei miljørisikovurdering. Kjemikaliar vert lagra i ein safe der det ikkje er lagt til rette for oppsamling av spill og søl, og dette burde ha vore risikovurdert.

**Avvik 2**

Verksemda si handtering av farleg avfall har manglar

**Avvik frå:**

Avfallsforskrifta §§ 11-2 og 11-8

**Kommentarar til regelverket:***Levering og deklarerer av farleg avfall*

Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak minst ein gong pr år. Plikta inntretr ikkje før den totale mengda farleg avfall overstig 1 kilo. Ved levering skal avfallet deklarerast. Deklarering skal sikre forsvarleg vidare handtering. Deklarering inneber mellom anna å fylle ut elektronisk deklarerer på [www.avfallsdeklarerer.no](http://www.avfallsdeklarerer.no). Dette kan verksemda ordne sjølv, eller ein kan gje tilgang i Altinn til at andre godkjente aktørar gjer deklarerer.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Verksemda har levert lysstoffrør som privatperson. Alt avfall som oppstår i verksemda er næringsavfall. Einaste måten å kunne dokumentere at ein har levert farleg avfall til godkjent mottak er gjennom deklarerer.

**7. Merknader**

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

**8. Andre tilhøve**

Behandling av farleg avfall er ikkje lovleg utan etter løyve frå Miljødirektoratet. Det er unntak frå kravet om løyve, § 11-7 i avfallsforskrifta, når det er tale om gjenvinning av eige farleg avfall. Inndamping av bad der restane går til gjenvinning er dermed i tråd med reglane i avfallsforskrifta.

## **9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

## **10. Informasjon til verksemda**

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)